



Statsforvaltaren i Rogaland

Tilsynsrapport

Tilsyn med kommunen sitt arbeid for
å sikre eit trygt og godt skulemiljø

Tysvær kommune – Førre skole
Januar 2024



Samandrag

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar i tilsynet med Tysvær kommune. Tema for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen varslar, undersøker og set inn tiltak i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen.

Vi har avdekt brot på regelverket og vedtar at de må rette forholda. Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 1 første ledd bokstav b.

Vi har funne manglar i Førre skole sin praksis opp mot minstekrava i alle delpliktene vi har undersøkt. Vi har også funne at kommunen sin internkontroll ikkje er systematisk eller tilpassa for å kunne førebygge og hindre desse regelverksbrota, eller at kommunen har følgd opp, avdekka og korrigert brot på pliktene.

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Kort om kommunen	3
1.2	Om gjennomføring og tema for tilsynet	3
2	Rettslege krav.....	4
2.1	Retten til eit trygt og godt skulemiljø	4
2.2	Kravet til internkontroll	6
3	Observasjonar av organiseringa i kommunen	7
4	Varslingsplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
4.1	Observasjonar	8
4.1.1	Malar og rutinar for varsling	8
4.1.2	Praksis	9
4.2	Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at varslingsplikta blir oppfylt ¹¹	
5	Undersøkingssplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	14
5.1	Observasjonar	14
5.1.1	Malar og rutinar	14
5.1.2	Praksis	14
5.2	Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at undersøkingssplikta blir oppfylt	17
6	Tiltakssplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	19
6.1	Observasjonar	19
6.1.1	Malar og rutinar for tiltakssplikta	19
6.1.2	Praksis	19
6.2	Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at tiltakssplikta blir oppfylt ²³	
7	Våre reaksjonar.....	24
7.1	Pålegg om å rette forholda	24
7.2	Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta	25
8	De har rett til å klage.....	25
	Liste over dokumentasjon	26

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med kommunen som skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd.

I tilsyn kontrollerer vi om kommunane oppfyller opplæringslova med forskrifter. Vi kan også føre tilsyn med kommunen si plikt til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentlegheitslova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

1.1 Kort om kommunen

Tysvær kommune er ein del av Haugalandet og ligg nord i Rogaland fylke. Kommunen har 11 519¹ innbyggjarar, og omlag 1650 av dei er elevar i grunnskulen.

I Tysvær kommune er det fem barneskular, to kombinert barne- og ungdomsskular og ein ungdomsskule. Førre skole er ein barneskule med 270 elevar. Skulen fekk ny rektor i oktober 2023.

1.2 Om gjennomføring og tema for tilsynet

Vi opna tilsyn med Tysvær kommune i brev av 26.06.2023. Vi har fått nok informasjon til å gjennomføre tilsynet.

Vi sende foreløpig rapport til dykk 11.12.2023. I den presenterte vi våre foreløpige vurderingar og konklusjonar. Vi har ikkje mottatt tilbakemelding på den foreløpige rapporten.

Tema for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen og skuleeigar oppfyller plikta til å varsle, undersøke, sette inn tiltak der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25- 1. Vi har ikkje sett på korleis kommunen oppfyller andre krav i regelverket.

I denne rapporten presenterer vi våre foreløpige vurderingar og konklusjonar. I den vidare gjennomgangen blir det rettslege grunnlaget presentert for tilsynet under *Rettslege krav*. I dei neste kapitla blir det for kvar delplikt gjennomgått observasjonar og vurderingar. Under *Observasjonar* beskriv vi malar og rutinar som kommunen bruker for å legge til rette for ein praksis som er i tråd med regelverket på skulen. Under *Praksis* beskriv vi praksis på skulen ut ifrå

¹ [Kommunefakta – SSB](#)

krava i §§ 9 A-4 og 9 A-5. Det er ei samla vurderinga av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at varslingsplikta, undersøkingsplikta og tiltaksplikta blir oppfylt, til slutt under kvar delplikt. Tilsynsrapporten er eit offentleg dokument.

2 Rettslege krav

2.1 Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova §§ 9 A-1 og 9 A-2. Retten er individuell, og det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.

For å sikre retten til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen ei aktivitetsplikt etter opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5. Aktivitetsplikta inneheld fem delplikter, som er plikta til å følge med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak. I dette tilsynet skal vi undersøke om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen og skuleeigar varslar, undersøker og set inn tiltak dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen. Vidare kontrollerer vi om kommunen sikrar at saka blir undersøkt ved mistanke om eller kjennskap til at det er ein i skuleleinga som står bak krenkinga.

I tilsynet er det eit gjennomgåande tema om skulen og skuleeigar har vurdert omsynet til kva som er det beste for barnet og sørgt for at involverte elevar blir høyrde.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle delpliktene i aktivitetsplikta. Dette er også eit gjennomgåande tema i tilsynet. I tillegg må skulen eller skuleeigar lage ein skriftleg plan når det blir sett inn tiltak i ei sak.

For at aktivitetsplikta skal vere oppfylt, må skulen gjere det som er rimeleg å forvente gjennom heile saksforløpet.

Plikta til å varsle

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-4 andre ledd. Tidspunktet for når rektor skal bli varsla, må vurderast konkret i den enkelte saka. Kva som er det beste for barnet vil vere eit grunnleggande omsyn i denne vurderinga. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenker ein elev, skal vedkomande straks varsle rektor, jf. opplæringslova § 9 A-5. I tillegg skal rektor varsle skuleeigar. Dersom mistanken eller kjennskapen gjeld ein i

skuleleiinga, skal den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga, straks varsle skuleeigar direkte, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Det blir ikkje stilt noko formkrav til varsla. Alle som arbeider på skulen, må kjenne til korleis og når varsling skal skje.

Plikta til å undersøke saka

Skulen skal snarast undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-4 tredje ledd. Dersom saka gjeld krenking frå ein som arbeider på skulen, skal undersøkingane settast i verk straks, jf. opplæringslova § 9 A-5. Kven på skulen som skal undersøke saka på vegne av skulen, må skulen fastsette konkret.

Dersom det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga, skal skuleeigar sørge for at undersøkingane blir sette i gang straks, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Undersøkinga skal ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva for forhold i omgivnadene som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Skulen skal gjere dei undersøkingane som etter ein fagleg standard er rimeleg å forvente i den enkelte saka. For å kunne sette inn eigna tiltak til beste for barnet i ein konkret situasjon, må skulen gjere nødvendige undersøkingar.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12. Eleven har rett til å bli høyrd i skulemiljø saker, jf. opplæringslova § 9 A-4 femte ledd. Skulen og skuleeigar må oppfylle elevane sin rett til å bli høyrde for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skulen mistenker eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, men også andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka.

Kor raskt saka skal undersøkast, må vurderast opp mot kva det er rimeleg å forvente etter ei fagleg vurdering. Her er omsynet til kva som er best for barnet eit viktig moment. Når det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenker, blir det stilt særleg skjerpa krav til framdrift i saka. Skulen og skuleeigar må undersøke effektivt og så raskt som mogleg, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Plikta til å sette inn tiltak

Tiltak etter § 9 A-4

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser dette, skal skulen så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får det trygt og godt igjen.

Kva for tiltak som er eigna, kjem an på faglege og konkrete vurderingar. Kva barnet meiner og omsynet til kva som er best for barnet, er viktige moment i denne vurderinga. Kva for tiltak som er eigna, må vurderast konkret og kan vere retta både mot individnivå, gruppenivå og systemnivå.

Samla sett skal skulen gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å forvente i den enkelte saka.

Kor raskt skulen må sette inn tiltak, må vurderast konkret i den enkelte saka. Kva som er best for barnet vil vere eit grunnleggande omsyn i denne vurderinga.

Plikta til å sette inn tiltak kviler på skulen. Kva for tiltak som faktisk skal gjennomføre tiltaka, må skulen fastsette konkret.

Tiltak etter § 9 A-5

Dersom det er ein som arbeider på skulen som har krenkt ein elev, skal skulen sette i verk tiltak straks.

Dersom det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga, er det skuleeigar som har ansvaret for at skulen set inn tiltak straks.

Dokumentasjonskrav

Skulen skal lage ein skriftleg plan når dei set i verk tiltak. Dette følger av § 9 A-4 sjuande ledd. I planen skal det stå kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarlege for gjennomføringa av tiltaka, og når tiltaka skal evaluerast.

2.2 Kravet til internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll med verksemda til administrasjonen for å sikre at lovar og forskrifter blir følgde, jf. kommunelova § 25-1 første ledd. Kravet er eit viktig element i leiinga og styringa i kommunen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa storleiken på skulen og særpreget, aktivitetane og risikoforholda ved skulen, jf. kommunelova § 25-1 andre ledd.

Kommunedirektøren har ansvar for at kravet til internkontroll blir oppfylt, men kan delegere oppgåver knytte til internkontrollen. Kommunedirektøren er likevel ansvarleg og må følge opp at oppgåvene blir varetatt.

Kommunen skal gjennomføre risikovurderingar for å tilpasse omfanget av internkontrollen til dei områda der risikoen og behovet er størst. Område med stor risiko for regelverksbrot vil ofte krevje betre styring og kontroll gjennom fleire tiltak, som for eksempel meir standardisering og tettare oppfølging, enn område der det sjeldan sviktar.

Krava til innhaldet i internkontrollen som går fram av § 25-1 tredje ledd bokstavane a-e, må sjåast i samanheng med første og andre ledd.

Kommunen skal beskrive hovudoppgåver, mål og organisering, og gi oversikt over korleis dei har fordelt oppgåver og myndigheit. Ut frå risikoen skal kommunen vurdere kva for rutinar og

prosedyrar som er nødvendige, og i kva for grad dei skal vere skriftlege. Kommunen skal gjere rutinane kjende og tilgjengelege for dei som treng å vite om dei. Kommunen må jamleg skaffe seg oversikt over område med risiko for avvik og sette inn tiltak for å førebygge og hindre regelverksbrot. Kommunen må ha klare rapporteringslinjer, vurdere kva for område dei skal følge med på, og korleis dei skal innhente informasjon eller bli informert av skulen. Kommunen må handtere avvik på ein måte som sørger for at regelverksbrot både blir rapportert og følgt opp. Kommunen skal dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Dette må dei avgjere ut frå risikobiletet og formålet med internkontrollen. Kommunen skal halde seg jamleg orientert om tilstanden i skulen, evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

I tilsynet undersøker vi om internkontrollen i kommunen er tilpassa for å kunne førebygge og hindre regelverksbrot etter § 25-1, og korleis leiinga følger opp og kontrollerer arbeidet med skulemiljøet. Kommunen må kunne gjere greie for korleis dei oppfyller kravet til internkontroll.

3 Observasjonar av organiseringa i kommunen

Rådmann er øvste administrative leiar i organisasjonen. Tenestoområda er organisert i tre område med kommunalsjef som øvste leiar.

I delegeringsreglementet til kommunen² går det fram at kommunalsjef Oppvekst og kultur inngår i rådmannen si leiargruppe, og har det overordna ansvaret for kommunen sine tenester innafor skule, barnehage, kultur, PPT og Helsestasjon.

Kommunalsjef har opplyst oss om at oppgåvene og oppfølginga på skuleområdet er delegert til skulesjef. Vidare står det i delegeringsreglementet at rektor har ansvar for den faglege, pedagogiske og administrative leiinga av skulen. Av intervjuet går det fram at skulesjef delegerer ansvar og oppgåver i internkontrollen til rektorane. Av dokumentet «Årsplan for tilrettelegging av et godt sosialt skulemiljø for elevene» med vedlegg går det fram at rektor har ansvar for informasjon og/eller opplæring av tilsette om oppl. kap 9A og gjeldande rutinar/prosedyrar, samt ansvar for revisjon av årsplan og andre dokument.

I intervju med kommunalsjef blir det stadfesta at kommunen ikkje har gjort ei systematisk risikovurdering på overordna nivå, områdenivå, eller på skulenivå. Kommunen følger med på dei nasjonale undersøkingane og registrerer at skuleområdet har hatt positiv utvikling. Utviklinga kjem til uttrykk i den årlege kvalitetsmeldinga. Kommunalsjef seier vidare at det er variasjon mellom skulane, og at skulemiljø er eit område å følge med på.

² [Delegeringsreglement | Tysvær kommune \(kf.no\)](#)

Kommunen skriftleggjorde i 2020 ein felles mal for skulane sin plan for trygt og godt skulemiljø, samt felles prosedyrar og skjema for arbeidet med aktivitetsplikta på skulane. Vi vil omtale desse i vurderinga vår av om skulen oppfyller delpliktene.

Vi er gjort kjende med at skulane i Tysvær har deltatt i Udir sitt kompetansehevingstiltak IBS (inkluderande barnehage og skulemiljø), enten i form av det samlingsbaserte opplegget, eller det nettbaserte (MOOC). Førre skole arbeidde med MOOCen i 2020.

Skulane rapporterer i Framsikt. Kommunen sitt avvikssystem ligg i RiskManager. Skriftleggjorte rutinar og prosedyrar er samla på Teams. Skulen sitt arkivsystem er Websak. Kommunen er i overgang til nytt system; Compilo. Kommunen jobbar med å utarbeide nye rapporteringskrav og rutinar for oppfølging av skulane.

4 Varslingsplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

4.1 Observasjonar

Førre skole bruker Stafettlogg. Vi er opplyste om at det har vore 73 saker som omhandlar sosialt samspel og 8 saker om trivnad sidan kommunen tok systemet i bruk. Det er ikkje registrert Stafettlogg under kategorien *Opplæringslova § 9a*. Vi er kjende med 5 saker der skulen har lagt aktivitetsplikta til grunn for oppfølginga av saka sidan 2017, samt to varsel etter at tilsynet blei opna. Det er desse sakene vi vil legge til grunn for våre vurderingar, då skulen sjølv har definert at sakene i Stafettloggen ikkje handlar om skulen si aktivitetsplikt, jf. § 9 A-4.

4.1.1 Malar og rutinar for varsling

Førre skole sin plan for trygt og godt skulemiljø omtalar varslingsplikta tett opp til lovteksten. Skulen har i tillegg følgande styrande dokument som omtaler plikta til å varsle; «Prosedyre for håndtering av fysisk/psykisk vold, krenkelser og mobbing», «Prosedyre for håndtering av saker når en ansatt på skulen krenker elev(ene) v/ Førre skule» og «Meldeskjema».

I «Plan for trygt og godt skulemiljø» står det at alle tilsette ved skulen skal melda frå skriftleg til rektor/inspektør/ressursteam ved krenkande ord og handlingar. I «Prosedyre for håndtering av fysisk/psykisk vold, krenkelser og mobbing» står det at rektor skal varslast munnleg eller ved bruk av meldeskjema dersom dei tilsette har mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

I «Prosedyre for håndtering av saker når en ansatt på skulen krenker elev(ene) v/ Førre skule» står det at dei tilsette skal varsle rektor munnleg eller ved bruk av meldeskjema.

Det går fram av prosedyrane at rektor skal bli varsla så fort som mogleg. I plan for trygt og godt skulemiljø står det at *Den ansattes terskel for hva som skaper «mistanke om» eller «kjennskap til» at en elev ikke har et trygt og godt skulemiljø skal være lav.*

I rutinane kjem det fram at rektor skal melde ifrå til skuleeigar dersom han blir varsla etter § 9 A-5 og ved spesielt alvorlege hendingar. Det står vidare at dersom ein av dei tilsette får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga krenker elevar, skal skuleeigar varslast direkte.

«Prosedyre for håndtering av fysisk/psykisk vold, krenkelser og mobbing» og «Prosedyre for håndtering av saker når en ansatt på skulen krenker elev(ene) v/ Førre skule» seier at rektor skal bli varsla så fort som mogleg.

Skulen har eit skjema for varsling, samt føringar for at varsla skal dokumenterast i Websak. Meldeskjema skal innehalde opplysningar om dato for varsel, kven som varslar, kva varselet gjeld, korleis bekymringa blei oppdaga og underskrift av kontaktlærar.

4.1.2 Praksis

Varslar alle som arbeider på skulen, ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen?

Dei tilsette seier til oss at dei er kjende med rutinen og meldeskjema for å varsle, og at dei veit kor dei skal finne rutinane. Leiinga har formidla dette i fellestid. I intervju kjem det fram at dei tilsette har ei forståing for kva som kan gi mistanke om og kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen og SFO. Tilsette fortel i eigenvurdering og i intervju at dei varslar rektor dersom det er noko alvorleg. Dei kan snakke med rektor om mindre alvorlege ting, men det skal vere alvorleg dersom dei skal bruke meldeskjemaet. Nokon ville ha varsla til rektor, medan andre ville ha meldt frå til kontaktlærar. Rektor seier at dei ikkje har klare rutinar for når rektor skal bli varsla.

Dokumentasjonen viser at skulen har mottatt tre varsel i 2023. I alle sakene er det føresette som har meldt i frå til kontaktlærar. Mellom 2017 og 2022 har skulen dokumentert at rektor har mottatt ytterlegare 4 varsel.

I intervju og eigenvurderingar kjem det fram at dei tilsette veit at dei skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein vaksen har krenkt ein elev, og dei veit at dei skal varsle skuleeigar direkte dersom det er ein i leiinga som krenker. Rektor har ikkje mottatt varsel etter § 9 A-5.

Vurdering

Vi finn at rutinane er tvitydige for kven og korleis tilsette skal varsle. Samtidig finn vi at tilsette ikkje har same forståing av innhaldet i varslingsplikta. Det gjeld både kva som gjev grunnlag for å varsle, altså terskelen for å varsle, og det gjeld kven dei skal varsle til. Vi vurderer på det grunnlaget at skulen sin praksis ikkje er i samsvar med regelverket, verken i skuletida eller på SFO. Vår vurdering blir styrka av at rektor har mottatt svært få varsel, og at dokumentasjonen

ikkje viser at tilsette har varsla om mistanke eller kjennskap basert på for eksempel samtalar eller egne observasjonar.

Regelverket krev at terskel for å varsle skal vere låg. Vi vurderer at skulen ikkje har ei felles forståing for aktivitetsplikta og kva mistanke og kjennskap rektor skal bli varsla om. Av den grunn meiner vi at det er sannsynleg at rektor ikkje blir varsla om elevar som opplever å ikkje ha det trygt og godt.

Vår vurdering blir også styrka av at det i intervju kjem fram at kontaktlærarane set inn tiltak i saker utan at saka er varsla til rektor og/eller oppfatta av rektor som eit varsel. I tillegg ser vi i dokumentasjonen over Stafettlogg at det har vore mange saker som omhandlar sosialt samspel og trivsel. Vi finn ikkje at desse sakene er varsla til rektor.

Alle tilsette er klare på at dei vil varsle rektor dersom dei har mistanke om eller kjennskap til at ein vaksen krenker elevar, og varsle skuleeigar dersom det er ein i leiinga som krenker. Då skulen ikkje har mottatt varsel etter § 9 A-5, har vi ikkje grunnlag godt nok til å vurdere skulen sin praksis. På grunnlag av intervju og dokumentasjonen finn vi det likevel sannsynleg at alle tilsette ville ha varsla i tråd med regelverket i § 9 A-5.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket etter § 9 A-5, men ikkje etter § 9 A-4.

Varslar rektor skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om at ein som arbeider på skulen, har krenkt ein elev?

I rutinen er det ikkje definert kva som er spesielt alvorlege tilfelle. Rutinen omtaler ikkje at alvorlege saker kan vere saker som for eksempel har føregått over tid.

Vi er ikkje kjende med at skulen har hatt saker etter § 9 A-5, men intervju viser at rektor er godt kjend med at han skal varsle skuleeigar ved alvorlege hendingar og dersom ein vaksen hadde krenkt ein elev. Skuleeigar fortel i intervju at rektorane drøftar alvorlege saker med dei.

Vurdering

Vi forstår at det er opp til rektor å vurdere kva som er alvorleg. På bakgrunn av intervjuet med rektor meiner vi at det er sannsynleg at rektor vurderer kva som er alvorlege saker, og at rektor ville handla i samsvar med regelverket. Vi vurderer også at det er sannsynleg at rektor ville ha varsla skuleeigar ved mistanke om at ein som arbeider på skulen hadde krenkt ein elev.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava på dette punktet.

Varslar alle som arbeider på skulen, i tide avhengig av alvorret i situasjonen?

Eigenvurdering og intervju viser at dei tilsette er kjende med at dei skal varsle rektor straks dersom det er alvorlege saker og dersom det er vaksne som krenker. Intervju viser ikkje at tilsette vurderer konkret kor raskt dei skal varsle og at det beste for barnet skal vere eit grunnleggande omsyn i vurderinga. I intervjuet seier rektor at dei tilsette skal varsle så raskt som mogleg, men at dei må vurdere kor alvorleg situasjonen er.

Dokumentasjonen viser eksempel på at dei tilsette varslar rektor når dei har fått melding frå føresette om at eleven ikkje har det trygt og godt.

Vurdering

Rutinen seier ikkje noko om at tilsette skal vurdere konkret i kvar sak kor raskt dei skal varsle, og at kva som er til beste for barnet skal vere eit grunnleggande omsyn. Vi finn heller ikkje at tilsette har eit bevisst forhold til at slike vurderingar skal gjerast.

Vi har allereie konkludert med at tilsette har for høg terskel for å varsle rektor, og vi meiner at ein konsekvens av dette er at tilsette heller ikkje varslar i tide, avhengig av alvorret i situasjonen. Sjølv om dokumentasjonen viser at tilsette har varsla raskt når føresette har tatt kontakt, har ikkje undersøkingane våre sannsynleggjort at tilsette varslar så raskt som saka tilseier i andre høve.

Vi har ikkje funne at rektor har mottatt varsel etter § 9 A-5, men vi har funne at dei dei tilsette har forstått at dei skal varsle rektor straks dersom det er ein vaksen som krenker ein elev.

Tidsaspektet for når rektor skal varsle skuleeigar er ikkje omtalt i rutinen. I undersøkingane våre finn vi ikkje konkrete eksempel på at rektor har varsla skuleeigar. Vi har derfor ikkje grunnlag for å vurdere praksis på dette punktet.

Vår konklusjon er at tilsette i praksis ikkje vurderer konkret kor raskt dei skal varsle i kvar enkelt sak, og at det derfor er sannsynleg at tilsette ikkje varslar i tide.

Dokumenterer skulen kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å varsle?

Dei samla funna viser at skulen har eit meldeskjema, at dette er brukt i dei innsendte sakene og at skulen har arkivert dei i skulen sitt arkivsystem.

Vurdering

Vår konklusjon er at skolen oppfyller lovkravet til å dokumentere varsla.

4.2 Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at varslingsplikta blir oppfylt

I internkontrollregelen er det krav om at kommunen må tilpasse internkontrollen til den einkilde skule ut frå storleiken, eigenarten, aktivitetane og risikoforhold. Det betyr at kommunen må skaffe seg oversikt over praksis, kor det kan svikte og kva konsekvensar det kan gi. Hensikta med risikovurderinga er at kommunen skal ha grunnlag for å vurdere kva styringstiltak som vil vere nødvendige. Eksempel på kjelder i risikovurderinga kan vere klagesaker, annan informasjon om skulemiljø, avviksmeldingar og tilsyn.

Kommunen må, på bakgrunn av risikovurderingane, vurdere kva for styringstiltak som er nødvendige for å sikre at alle som arbeider på skulen, oppfyller varslingsplikta. Tiltak kan for eksempel vere styrande dokument, organisatoriske tiltak, tydeleggjering av ansvarslinjer, rapportering, planar og rutinar, avvikshandtering og opplærings- og kompetansehevingstiltak.

Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller forebygge brot på varslingsplikta og dokumentasjonsplikta?

Kommunen sine malar og rutinar for varslingsplikta er omtalt over, og rektor stadfestar at han er kjent med dei. Rektor er også kjend med at han har ansvar for at tilsette skal få informasjon om og opplæring i desse, og han stadfestar at det blir gjort. I høve til plikta til å varsle står det at dei tilsette skal drøfte og dokumentere skulen sitt syn på kva som er ei trygt og godt skulemiljø, kva som er krenkande åtferd og når leiinga på skulen skal varslast.

Våre undersøkingar av skulen sin praksis viser at skulen likevel ikkje oppfyller varslingsplikta.

Kommunen må skaffe seg oversikt over tilstanden på skulen og kor det kan svikte, for å tilpasse internkontrollen. Kommunalsjef stadfestar i intervju med oss at kommunen ikkje har gjort systematiske risikovurderingar på Førre skole, men at kommunen har utarbeidd rutinar og prosedyrar på grunnlag av Statsforvaltaren sitt tilsyn på to andre skular i 2019.

Kommunalsjef har informert oss om at kommunen følgde opp skulen sitt arbeid med felles plan og rutinar i 2020. Vi finn likevel ikkje at Førre skole si rapportering på det tidspunktet gav informasjon eller vurderingar av skulen si aktivitetsplikt og plikt til å varsle. Rapporteringskravet for skulen har i ettertid vore å melde inn talet på saker ein gong i året. I innsendt dokumentasjon frå dialog- og styringsmøte frå seinare tid, finn vi ikkje at plikta til å varsle har vore eller skal vere tema i dialogen med rektor. Vi er ikkje kjende med at kommunen på annan måte skaffar seg oversikt over risiko for avvik. Vi finn dermed ikkje at kommunen jamleg innhentar nødvendig informasjon for å tilpasse tiltaka.

På bakgrunn av desse funna er vår vurdering at kommunen har utarbeidd rutinar og prosedyrar for å forebygge svikt, og at dei har sørgt for at skulen er kjend med dei. Dei samla funna våre viser likevel ikkje at kommunen har utarbeidd tiltaka på bakgrunn av kjennskap til tilstanden på Førre skole.

Oppsummert meiner vi at kommunen ikkje har hatt grunnlag for å vurdere kva som er *nødvendige* rutinar og prosedyrar, og at kommunen dermed ikkje har tilpassa internkontrollen. Vurderinga blir styrka av at vi har funne høg risiko for at rektor ikkje mottar varsel i samsvar med regelverket.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje har ein internkontroll som er systematisk og tilpassa for å hindre og forebygge brot på varslingsplikta på Førre skule.

Avdekker og følger kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt?

Gjennom internkontrollen skal kommunen avdekke og følge opp brot på varslingsplikta som allereie har skjedd, i tillegg til risiko for at plikta ikkje blir oppfylt. For å kunne avdekke avvik og risiko for avvik systematisk, er kommunen avhengig av å halde seg jamleg orientert om tilstanden på skulen.

Våre undersøkingar viser at kommunen har eit avvikssystem. Tilsette seier at dei melder avvik på elevvåtferd. Skulesjef stadfestar at kommunen ikkje har mottatt avvik på regeletterleving på området.

Skulen har rapportert talet på saker til kommuneadministrasjonen ein gong i året. På grunnlag av sakene vi har fått tilsendt, legg vi til grunn at skulen har hatt 5 skulemiljøsaker frå 2017 og fram til dokumentasjonen blei sendt inn 14. september 2023. I våre undersøkingar finn vi likevel ikkje at kommunen på grunnlag av rapporteringa av få saker har etterspurt eller stilt spørsmål ved skulen sin praksis.

Kommunalsjef seier i intervjuet at skulesjef hadde dialogmøte med rektorane om styringsdokumenta og kva dei skal gjere i skulemiljøsaker då kommunen utarbeidde rutinane i 2020. Innsend dokumentasjon viser at skulesjef har faste møte med rektor og leiinga. I innsende notat frå dialog- og styringsmøte i 22/23 finn vi likevel ikkje at aktivitetsplikta og varslingsplikta har vore tema. Av innsendt kvalitetsårshjul for 23/24 finn vi at plan for trygt og godt skulemiljø skal vere tema i to møte. Det kjem ikkje fram at skulen sin praksis for å varsle skal vere tema. Vi finn altså ikkje at kommunen innhentar informasjon om tilstanden på ein systematisk måte i dialogen med rektorane.

Kommunen er ansvarleg for at internkontrollen er systematisk og tilpassa skulen. Sjølv om oppgåver er delegert til andre, må kommunen følge opp at internkontrollen fungerer slik at tilsette varslar i samsvar med regelverket og at rektor følger opp varsla. På bakgrunn av våre undersøkingar legg vi til grunn at kommunen ikkje har vore kjent med at skulen har hatt ein praksis som ikkje er i samsvar med regelverket, og at kommunen ikkje har sett inn tiltak for å korrigere praksis på Førre skole. Vi meiner at det har samanheng med at kommunen ikkje etterspør og skaffar seg nødvendig informasjon om arbeidet på skulen, på ein systematisk og tilpassa måte.

I samanheng med kravet om at kommunen må evaluere og gjere nødvendige forbetringar av internkontrollen, har kommunen ei føring i årsplanen for at skulen skal revidere årsplanen og andre dokument. Vi finn ikkje at det er gjort, eller at kommunen har følgd det opp. For ordens skuld legg vi til at vi er kjende med at kommunen jobbar med å forbetre internkontrollen. Vår vurdering er likevel at arbeidet på tidspunktet for våre undersøkingar, ikkje var basert på vurderingar av risiko på område- og skulenivå for å tilpasse kva informasjon kommunen treng, korleis kommunen skal innhente informasjonen og korleis kommunen skal følge opp informasjonen.

Vår konklusjon er at kommunen sin internkontroll ikkje er systematisk og tilpassa for å følge opp om varslingsplikta blir oppfylt i praksis på Førre skole. Kommunen har derfor ikkje avdekka svikt og hatt grunnlag for å sette inn korrigerande tiltak.

På same måte har kommunen ikkje hatt grunnlag for å evaluere internkontrollen for å forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak.

5 Undersøkingssplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

5.1 Observasjonar

5.1.1 Malar og rutinar

Førre skole sin plan for trygt og godt skulemiljø omtaler krava tett opp mot lovteksten.

I «Prosedyre for håndtering av fysisk/psykisk vold, krenkelser og mobbing» og «Prosedyre for håndtering av saker når en ansatt på skulen krenker elev(ene) v/ Førre skule» står det at rektor skal starte undersøkinga av saka *umiddelbart*. Det står også at det skal gjennomførast samtale med eleven, føresette og den eller dei som eventuelt krenker. Vidare står det at rektor skal velje eit team som skal observere eleven, det står også eksempel på andre undersøkingar som skulen kan bruke.

Prosedyren for handtering av krenking frå vaksne seier at skulen skal høyre eleven og den tilsette si oppleving av hendinga. Rutinen seier vidare at rektor skal velje ein eller fleire metodar for å samle inn informasjon om situasjonen.

I rutinane står det at det skal skrivast referat frå undersøkingane som er gjort, og at det skal arkiverast i Websak.

I plan for trygt og godt skulemiljø ligg «Rutiner på Førre skule ved negativ og eller uakseptable hendelser». Her står det at skulen skal snakke med elev og føresette for å finne ut kva behov dei har for å føle seg trygg og ivaretatt på skulen. I rutinen «Tiltakstrapp ved uakseptabel atferd/krenkelser» står det at skulen skal ha individuelle samtaler med elev/elever der dei mellom anna skal finne ut kva som ligg bak handlingsmønsteret. Desse rutinane er ikkje nemnt i eigenvurdering eller intervju.

Punkt 6 og 7 i mal for aktivitetsplan etterspør kva faktorar som er med på å oppretthalde problemet, og kva oppretthaldande faktorar tiltaka skal rette seg mot.

5.1.2 Praksis

Undersøker skulen saka så raskt som saken tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

I eigenvurdering og intervju seier dei tilsette at dei undersøker saka raskt. Dei nemner at dei startar opp med elevsamtale og observasjon same dag eller dagen etter. Innsend dokumentasjon viser at skulen har samtalar same dag som rektor har mottatt varslings skjema.

Vurdering

Rutinane for å undersøke saka omtaler ikkje tidsspennet utover referanse til lovteksten.

Dokumentasjon i enkeltsaker viser at det er kort tidsspenn mellom varsel og oppstart av undersøkingar. Intervjua viser også at dei tilsette gjer undersøkingar når dei får mistanke, uavhengig av om dei har varsla rektor. Regelverket krev at dei tilsette snarast skal gjennomføre dei undersøkingane som er rimeleg å forvente. Funna viser at skulen startar med samtalar raskt, som vi vurderer er rimeleg å forvente. Vi vurderer på det grunnlaget at det er sannsynleg at skulen startar undersøkingane så raskt som saka tilseier.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller lovkravet på dette punktet.

Undersøker skulen/skuleeigar saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen?

I eigenvurdering og intervju seier rektor at skulen ikkje har hatt saker der ein vaksen har krenkt elevar, men at han ville følgt prosedyren dersom det hadde skjedd.

Skulesjef har ikkje sjølv undersøkt ei sak, men seier at ho ville ha sett i gang straks.

Vurdering av skulen

Rektor er godt kjend med rutinen og kor raskt undersøkingane må kome i gang. Sjølv om skulen ikkje har hatt § 9A-5 saker, meiner vi at det er sannsynleg at rektor ville ha følgt rutinen og undersøkt saka så raskt som saka tilseier det.

Vår konklusjon er at det er sannsynleg at skulen oppfyller lovkravet på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Skuleeigar har ikkje fått varsel om at ein i leiinga har krenkt elevar. På bakgrunn av dei samla funna våre meiner vi at det er sannsynleg at skuleeigar ville ha undersøkt saka straks dersom ho hadde motteke eit varsel etter § 9 A – 5.

Vår konklusjon er at det er sannsynleg at skuleeigar oppfyller lovkrava på dette punktet.

Gjennomfører skulen/skuleeigar dei undersøkingane som ut frå ein fagleg standard er rimeleg å forvente?

Dei tilsette og rektor seier i eigenvurdering at dei meiner dei gjer undersøkingar som ut frå ein fagleg standard er rimeleg å forvente. Alle nemner at eleven si stemme er viktig. Dei tilsette vi har intervjua har ikkje sjølv gjennomført undersøkingar, og har ulik erfaring og kjennskap til metodar for å undersøke. Dei er samstemte i at dei vil diskutere med rektor kva undersøkingar dei skal gjennomføre dersom dei har ei sak som skal undersøkast.

Rektor nemner ulike metodar for å undersøke saka, som Innblikk, Spekter, elevsamtalar og observasjon, og at det er lærarane og teamet som skal gjennomføre undersøkingane. Rektor seier samtidig at han er usikker på om skulen undersøker sakene breitt og grundig nok.

I dei innsende sakene ser vi at skulen har undersøkt ved samtalar og observasjon. Det har vore rektor som har hatt ansvar for sakene og lærarane som har gjennomført undersøkingane. Det kjem ikkje fram i innsend dokumentasjon kva undersøkingane har vist.

Skulen har ikkje hatt § 9A-5 saker, men rektor seier at han ville følgt rutinen dersom han blei varsla om ei sak der ein vaksen hadde krenkt ein elev.

Skuleeigar har ikkje sjølv undersøkt saker, men ville brukt skulen sine rutinar.

Vurdering av skulen

Regelverket krev at det skal vere klart kven som skal undersøke saka på vegne av skulen. I rutinane står det at rektor har ansvar for undersøkingane både i § 9A-4 og § 9A-5 saker, og kan delegere dette til kontaktlærar. Det er uklart om og korleis skulen har undersøkt i saker, som ikkje har blitt varsla til rektor. I § 9A-5 saker skal rektor i følge rutinen gjennomføre alle undersøkingane. Vi meiner at intervju viser at det er sannsynleg at rutinen blir følgt på dette punktet.

Vidare skal undersøkingane ha ein fagleg standard. Rutinane beskriv metodar og verktøy som er anerkjende av fagmiljø. Dei innsendte sakene viser at skulen har hatt samtalar og observasjon. Vi har ikkje sett konkrete eksempel på at skulen har undersøkt saker med andre metodar. I intervju kjem det også fram at rektor er usikker på om sakene er undersøkt breitt og grundig nok. Vi meiner derfor at skulen ikkje har sannsynleggjort at dei bruker metodane og verktøya som er skisserte i rutinane.

Som ein del av den faglege standarden skal skulen vurdere kor grundige undersøkingane skal vere, der alvoret i saka og eleven si sårbarheit er ein del av vurderinga. Innsendt dokumentasjon viser at dei har gjennomført elevsamtaler og observasjon. Vi har ikkje kjennskap til at skulen har vurdert kor grundige undersøkingane skal vere, eller om det er teke omsyn til særskilt sårbarheit og sakas alvor.

Alle involverte har rett til å bli høyrde. Dokumentasjonen viser at skulen gjennomfører samtalar med dei elevane som har opplevd å bli krenka, slik rutinane beskriv, men ikkje av andre involverte elevar. Vi vurderer at fleire av dei innsende sakene involverer andre elevar, som dermed skulle blitt høyrte. Referat frå elevsamtalane viser heller ikkje at eleven har blitt spurt om kva ønsker og innspel eleven har i saka. Vi meiner derfor at det ikkje er sannsynleggjort at skulen oppfyller elevane sin rett til å bli høyrde.

Skulen skal vurdere undersøkingane dei har gjennomført for å kome fram til kva problem tiltaka skal løyse og finne eigna tiltak, noko malen for aktivitetsplan også etterspør. Innsend dokumentasjon viser ikkje at skulen har samanfatta eller analysert funna, eller at malen for aktivitetsplan er tatt i bruk. Vi meiner på det grunnlaget at skulen samla sett ikkje har implementert rutinane og at dei ikkje undersøker saker slik det er rimeleg å forvente ut frå ein fagleg standard.

Skulen sine rutinar for å undersøke etter § 9A-5 omtaler ulike metodar som rektor kan bruke for å undersøke saka. Skulen har ikkje hatt saker der ein vaksen krenker elevar, og rektor seier at han ville følgt prosedyren dersom han blei varsla om ei slik sak. Eit viktig føremål med undersøkingane vil vere å avdekke om det har skjedd objektive krenkingar frå den vaksne, eller om eleven av andre årsaker opplever å ikkje ha det trygt og godt. Rutinen beskriv metodar som kan avdekke om det har vore objektive krenkingar, men føremålet med å undersøke etter § 9 A-5

kjem ikkje tydeleg fram. Sidan skulen ikkje har vist at dei har tatt i bruk rutinane for § 9 A-4, og at rutinen er utydeleg på føremålet med å undersøke etter § 9 A-5, meiner vi at skulen ikkje har sannsynleggjort at dei ville ha undersøkt i tråd med regelverket dersom dei fekk mistanke om at ein vaksen krenkte ein elev.

Vår konklusjon er at skulen ikkje oppfyller lovkrava på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Vi legg til grunn at skuleeigar ville ha brukt rutinen for skjerpa aktivitetsplikt. På grunnlag av vår vurdering av rutinen, over, er vi i tvil om skuleeigar hadde gjort dei undersøkingane som det er rimeleg å vente utifrå ein fagleg standard.

Vår konklusjon er at skuleeigar ikkje oppfyller lovkrava på dette punktet.

Dokumenterer skulen/skuleeigar kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å undersøke?

Rutinane beskriv korleis skulen skal dokumentere undersøkingane. Dokumentasjon i enkeltsaker viser at skulen har dokumentert to elevsamtalar. Innkalling og referat i frå ulike møte omtaler kva undersøkingar skulen skal gjere/har gjort, men ikkje kva undersøkingane viser.

Dei tilsette fortel om ulik praksis for å dokumentere undersøkingar, mellom anna levere til leiinga og oppbevare eigne notat. Rektor seier at skulen arkiverer referat frå elevsamtalar i elevmappa.

Skuleeigar har ikkje gjennomført undersøkingar sjølv.

Vurdering av skulen

Dei samla funna viser ikkje at skulen følger rutinen, eller at dei følger ein annan fast framgangsmåte for å dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å undersøke.

Vår konklusjon er at skulen ikkje oppfyller lovkravet på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Skuleeigar har ikkje undersøkt sak sjølv, men vi meiner at det er sannsynleg at skuleeigar ville ha dokumentert undersøkingane for å ivareta både den tilsette og eleven sine rettar.

Vår konklusjon er at skuleeigar oppfyller lovkrava på dette punktet.

5.2 Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at undersøkingsplikta blir oppfylt

Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller forebygge brot på plikta til å undersøke og dokumentere?

Kommunen og skulen sine malar og rutinar for å undersøke er omtalt i våre observasjonar av skulen sin praksis. Rektor stadfestar til oss at han er kjend med dei. Rektor er også kjend med at han har ansvar for at tilsette skal få opplæring/informasjon i dei, og han stadfestar at det blir

gjort. Kommunen si sjekkliste for opplæring har ikkje direkte føringar for opplæring i plikta til å undersøke.

Dei samla funna våre i tilknytning til denne plikta er lik funna for varslingsplikta. Vi finn ikkje at kommunen jamleg skaffar seg oversikt over risiko for avvik, eller at kommunen på bakgrunn av informasjon om tilstanden på skulen har tilpassa tiltaka for å hindre eller forebygge regelbrot på Førre skole. Grunngevinga vår kjem fram i vurderinga av om kommunen sikrar at varslingsplikta blir oppfylt.

Vi kjem derfor til den same konklusjonen om at kommunen sitt førebyggjande arbeid ikkje er basert på kjennskap til praksis og andre forhold på Førre skole. Vurderinga og konklusjonen blir styrka av at vi har funne at skulen ikkje undersøker skolemiljøsakene slik det er rimeleg å forvente og at kommuneadministrasjonen sjølv svarar i nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje har ein internkontroll som er systematisk og tilpassa for å hindre og forebygge brot på plikta til å undersøke på Førre skole.

Avdekker og følger kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at plikta til å undersøke og dokumentere ikkje blir oppfylt?

Vi har funne at Førre skole ikkje undersøker skolemiljøsakene slik det er rimeleg å forvente når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. På bakgrunn av våre undersøkingar legg vi til grunn at kommunen ikkje har vore kjend med at skulen har hatt ein praksis som ikkje er i samsvar med regelverket, og at kommunen ikkje har sett inn tiltak for å korrigera praksis. Vi vurderer at det har samanheng med at kommunen ikkje følger opp skulen på ein systematisk og tilpassa måte i tilknytning til plikta til å undersøke.

For å kunne avdekke avvik og risiko for avvik systematisk, er kommunen avhengig av informasjon om tilstanden på skulen. Vi viser til vurderinga vår av om kommunen gjennom internkontrollen avdekker og følger opp brot på varslingsplikta. Funna er like, og vi legg til grunn dei same vurderingane for at kommunen ikkje innhentar nødvendig informasjon om regeletterlevinga på Førre skole til å kunne avdekke brot på undersøkingsplikta. Vurderinga blir styrka av at kommuneadministrasjonen sjølv svarar nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga.

Vår konklusjon er at kommunen sin internkontroll ikkje er systematisk og tilpassa for å følge opp om plikta til å undersøke blir oppfylt i praksis på Førre skole. Kommunen har derfor ikkje avdekket svikt og hatt grunnlag for å sette inn korrigerande tiltak.

Av same grunn har kommunen ikkje hatt grunnlag for å evaluere internkontrollen for å forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak.

6 Tiltaksplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

6.1 Observasjonar

6.1.1 Malar og rutinar for tiltaksplikta

Skulen sin plan for trygt og godt skulemiljø omtaler plikta til å sette inn tiltak tett opp mot lovteksten og Udir sitt rundskriv om skulemiljø. Det står at tiltaka i ei skulemiljøsak skal skrivast inn i tiltaksplan og at dei skal evaluerast på avtalt tidspunkt. I plan for trygt og godt skulemiljø står det også at det kan setjast inn tiltak på ulike nivå; individ-, gruppe- og systemnivå og eksempel på kva tiltak dette kan vere.

I prosedyren står det at rektor skal utforme forslag til tiltaksplan *snarast*. Det står at det skal opprettast ein tiltaksplan og skulen skal fylle ut i tiltaksplanen *løpende*. Det skal skrivast referat frå evalueringa av tiltaka. Referat og aktivitetsplan skal arkiverast i Websak.

Mal for tiltaksplan inneheld minstekrava til innhald i ein aktivitetsplan. I malen er det lagt inn punkt for å beskrive tiltaka med fagleg pedagogisk vurdering. Rutinen seier at tiltaka skal evaluerast seinast etter 6 veker, og at tiltaka skal evaluerast systematisk. Malen har punkt for at elev, føresette og tilsette si meining skal kome fram.

I prosedyren for handtering av saker dersom ein tilsett har krenkt ein elev, går det fram at skulen skal sette inn tiltak *snarast*. Elev og føresette skal få seie si meining om tiltaka som skal settast i verk. Utover dette omtaler ikkje rutinen korleis rektor skal vurdere kva som er eigna tiltak. Rutinen seier at tiltaksplanen skal evaluerast.

6.1.2 Praksis

Set skulen inn tiltak så raskt som saka tilseier, når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser det?

I eigenvurdering og intervju seier rektor og dei tilsette at dei set inn tiltak så snart som mogleg. Dei tilsette seier at dei må diskutere med rektor kva tiltak som skal settast inn, og at grada av alvor avgjer kor raskt dei set inn tiltak.

Dokumentasjon i sakene skulen har sendt inn, viser at skulen set inn tiltak nokre dagar etter at dei har oppretta skulemiljøsak.

Vurdering av skulen

Rutinen, informasjon frå tilsette og dokumentasjon i saker viser eksempel på at skulen set inn tiltak raskt. Skulen kan likevel berre vise til fem eksempel på at dei har sett inn tiltak i tråd med aktivitetsplikta sidan 2017, og det er etter vår vurdering ein sterk indikasjon på at skulen ikkje set inn tiltak når skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Vi har i spørsmålet over også konkludert med at

skulen ikkje oppfyller krava regelverket stiller til å undersøke sakene. Dermed stiller vi også spørsmål ved om skulen har godt nok grunnlag for å kunne vurdere kor raskt det er behov for tiltak i den enkelte saka.

På grunnlag av dei samla funna vurderer vi at skulen ikkje set inn tiltak så raskt som saka tilseier, både på grunn av at skulen har for høg terskel for å legge aktivitetsplikta til grunn for oppfølging av saker, og på grunn av at skulen ikkje avdekkjer kor raskt det er behov for tiltak i undersøkingane sine.

Vår konklusjon er at skulen ikkje oppfyller lovkrava på dette punktet.

Set skulen/skuleeigar inn tiltak straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev har blitt krenkt av ein som arbeider på skulen, eller i skulen si leining?

I eigenvurdering og intervju kjem det fram at rektor ville sett inn tiltak straks. Rektor har som nemnt ikkje erfaring med §9A-5 saker, men viser til prosedyren og seier at han ville ha brukt denne dersom det blei aktuelt.

Skuleeigar har ikkje hatt saker der ein i skuleleiinga har krenkt ein elev, men seier i intervju at dei ville følgd skulen sin prosedyre.

Vurdering av skulen

Vi viser til at rutinen er i samsvar med regelverket på dette punktet, og vurderer at det er sannsynleg at rektor ville ha følgd rutinen.

Vår konklusjon er at skulen ville oppfylt lovkravet på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Vi viser til at rutinen er i samsvar med regelverket på dette punktet og vurderer at det er sannsynleg at skuleeigar ville ha følgd rutinen.

Vår konklusjon er at skuleeigar ville oppfylt krava i regelverket på dette punktet.

Vurderer skulen/skuleeigar konkret kva tiltak som er eigna?

Dei tilsette vi intervjuja hadde ulik erfaring med å sette inn tiltak i ei sak. Dei viser til skulen sine rutinar, og at dei ville høyrte eleven og dei føresette, men at det er skulen som til sjuande og sist må vurdere kva som er best for eleven. I malen til tiltaksplan er det lagt opp til at skulen skal grunngi val av tiltak.

Føresette seier at både dei og eleven fekk sei si meining om tiltaka som skulen sette inn.

Vi er ikkje kjende med eksempel på at skulen har sett inn tiltak mot andre elevar.

Vurdering av skulen

Dei vi har intervjuja har lita erfaring med å sette inn tiltak etter aktivitetsplikta. Vi legg derfor dokumentasjonen i sakene til grunn for vurderingane våre. Møtereferat i sakene vi har fått tilsendt viser at det blir sett inn tiltak i saker.

Kva som er eigna tiltak må vurderast konkret i kvar sak. I rutinen står det at tiltaka kan utformast på individnivå, gruppenivå og systemnivå. Ut frå dokumentasjonen kan vi derimot ikkje sjå at skulen har gjort slike faglege og konkrete vurderingar i kvar enkelt sak.

I fleire saker har skulen gjennomført inngripande tiltak som klassebytte eller skulebytte. Dokumentasjonen i sakene viser ikkje at skulen har gjort grundige vurderingar av om tiltaka er eigna i dei konkrete sakene. Det kjem heller ikkje fram at skulen har praksis for å vurdere og prøve ut om mindre inngripande tiltak er tilstrekkeleg eigna.

Dokumentasjonen viser ikkje at skulen har gjort konkrete vurderingar av kva som er til beste for barnet³.

Rutinen for å sette inn tiltak etter § 9 A-5 omtaler ikkje kva vurderingar som skal gjerast. Vi legg derfor til grunn dei same vurderingane for at skulen heller ikkje ville ha gjort faglege og konkrete vurderingar dersom dei skulle sett inn tiltak i ei § 9A-5 sak.

Vår konklusjon er at skulen ikkje oppfyller lovkravet på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Heller ikkje skuleeigar har sett inn tiltak etter § 9 A-5. Å sette inn tiltak etter § 9 A-5 er krevjande, særleg dersom det er retta mot ein i skuleleiinga. Vi meiner derfor at det er sannsynleg at skuleeigar ville ha gjort grundige vurderingar av kva tiltak som ville vore eigna for i ivareta både den tilsette og eleven sine rettar.

Vår konklusjon er at skuleeigar ville ha oppfylt krava i regelverket på dette punktet.

Evaluerer skule/skuleeigar tiltaka jamleg, og blir tiltaka endra ved behov?

I intervju seier rektor at skulen gjennomfører evalueringsmøte innan to veker etter at tiltaka er sett i verk. Før møtet skal skulen innhente eleven si stemme og sjå på observasjonar som er gjort. Rektor er likevel usikker på kva informasjon som er innhenta og kva vurderingar som blir gjort i forkant av evalueringsmøte med elev og føresette.

Vi får ikkje klare svar frå rektor på om tilsette som er tett på eleven er involverte i vurderingane og kva vurderingar som blir gjort. Dette skuldast også at han ikkje veit korleis tidlegare rektor gjorde det. Dokumentasjonen i sakene viser at evalueringa i hovudsak skjer mellom rektor og føresette. Vi finn ikkje at skulen har teke i bruk skjemaet for evaluering som ligg i aktivitetsplanen. Føresette seier at dei blei spurt om dei syns at tiltaka hadde effekt.

Vurdering av skulen

Dokumentasjonen viser at rektor har kalla inn til evalueringsmøte, men referata frå møta viser ikkje at skulen systematisk har evaluert tiltaka i saka saman med elev og føresette, slik som rutinen seier. Vi kan ikkje sjå at det er gjort konkrete vurderingar av kva som er til beste for barnet i evalueringa av tiltaka.

³ [Skolemiljøtiltak - vurderer det beste for eleven \(udir.no\)](http://udir.no)

Vi meiner på dette grunnlaget at det ikkje er sannsynleggjort at skulen har ein praksis kor dei innhentar nødvendig informasjon, og vurderer situasjonen då tiltaket blei sett inn og om dei har oppnådd formålet med tiltaket. Det styrkar vår vurdering at vi heller ikkje finn at skulen har endra, justert, tatt bort eller lagt til nye tiltak i dei innsende sakene.

Vår konklusjon er at skulen ikkje oppfyller lovkrava på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Skuleeigar har ikkje sett inn tiltak etter § 9 A-5, og har dermed ikkje evaluert tiltak. I rutinen for saker etter § 9 A-5 finn vi berre ei føring for at tiltaksplanen skal evaluerast. Vi meiner likevel at rutinane og malane samla sett gir tilstrekkelege føringar til at skuleeigar ville evaluert tiltaka i samsvar med regelverket, og vi legg til grunn at skuleeigar ville ha følgd desse rutinane.

Vår konklusjon er at det er sannsynleg at skuleeigar oppfyller lovkrava på dette punktet.

Lagar skulen/skuleeigar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og inneheld den skriftlege planen minimumskrav til innhald?

I eigenvurdering svarer både dei tilsette og rektor at dei ville ha laga ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak. I intervju kjem det fram at dei tilsette har varierende kjennskap til malen for tiltaksplan.

I intervju seier rektor at dei ikkje alltid bruker aktivitetsplan i skulemiljøsaker. Dei kan for eksempel skissere tiltaka i eit møtereferat. Skulen har ikkje lagt fram eksempel på at mal på tiltaksplan har blitt brukt.

Vurdering av skulen

Skulen skal lage ein skriftleg plan når dei set i verk tiltak. I planen skal det stå kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarlege for gjennomføringa av tiltaka, og når tiltaka skal evaluerast.

Vi finn at skulen har ein mal for aktivitetsplan som inneheld desse minstekrava, men finn ikkje at dei har tatt malen i bruk i skulemiljøsaker. Vi finn eksempel på møtereferat kor tiltak er lista opp, men referata gir ikkje meir informasjon om tiltaka. Vi vurderer dermed at skulen ikkje utarbeider ein skriftleg plan som oppfyller minstekravet når dei set inn tiltak.

Vår konklusjon er at skulen ikkje oppfyller lovkrava på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Vi legg til grunn at skuleeigar ville ha brukt malen for aktivitetsplan dersom dei skulle setje inn tiltak etter § 9A-5. Då malen inneheld minstekrava til kva den skriftlege planen skal innehalde finn vi det sannsynleg at skuleeigar ville oppfylt dette kravet.

Vår konklusjon er at skuleeigar ville oppfylt lovkravet på dette punktet.

6.2 Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at tiltaksplikta blir oppfylt

Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller forebygge brot på tiltaksplikta og dokumentasjonsplikta?

Kommunen og skulen sine rutinar og prosedyrar for å sette inn tiltak i skolemiljøsaker er omtalt i vår vurdering av skulen sin praksis. Rektor stadfestar til oss at han er kjend med dei. Rektor er også kjend med at han har ansvar for at tilsette skal få opplæring/informasjon i rutinane, og han stadfestar at det blir gjort. Kommunen si sjekklister for opplæring har ikkje direkte føringar for opplæring i plikta til å sette inn tiltak, men har føringar for at tilsette skal drøfte forhold knytt til elevar med særskilt sårbarheit.

Dei samla funna våre i tilknytning til denne plikta er lik funna om varslingsplikta og plikta til å undersøke; Vi finn ikkje at kommunen systematisk etterspør eller skaffar seg nødvendig informasjon om skulen, eller at kommunen på bakgrunn av informasjonen har tilpassa tiltaka for å hindre og forebygge regelbrot. Funna og grunngivinga vår kjem fram i vurderinga av om kommunen sikrar at varslingsplikta blir oppfylt.

Vi kjem derfor til den same konklusjonen om at kommunen sitt førebyggjande arbeid ikkje er basert på kjennskap til praksis og andre forhold på Førre skule. Vurderinga og konklusjonen blir styrka av at vi har funne at skulen ikkje oppfyller plikta til å sette inn tiltak og å opprette aktivitetsplan, og at kommuneadministrasjonen sjølv svarar nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje har ein internkontroll som er systematisk og tilpassa for å hindre og forebygge brot på plikta til å undersøke på Førre skule.

Avdekker og følger kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt?

For å kunne avdekke avvik og risiko for avvik systematisk, er kommunen avhengig av informasjon om tilstanden på skulen. Vi viser til vurderinga av om kommunen gjennom internkontrollen avdekker og følger opp brot på varslingsplikta og plikta til å undersøke. Funna er like og vi legg til grunn dei same vurderingane for at kommunen ikkje oppfyller kravet i tilknytning til plikta til å sette inn tiltak.

Vurderinga og konklusjonen blir styrka av at vi har funne systematiske brot og har vurdert at skulen ikkje oppfyller tiltaksplikta overfor elevar som ikkje har det trygt og godt på skulen. Kommunen svarer også nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga.

På bakgrunn av våre undersøkingar legg vi også her til grunn at kommunen ikkje har vore kjend med at skulen har hatt ein praksis som ikkje er i samsvar med regelverket, og at kommunen ikkje har sett inn tiltak for å korrigera praksis på Førre skule. Vi vurderer at det har samanheng med at kommunen ikkje følger opp skulen på ein systematisk og tilpassa måte.

Vår konklusjon er at kommunen sin internkontroll ikkje er systematisk og tilpassa for å følge opp om tiltaksplikta blir oppfylt i praksis på Førre skole. Kommunen har derfor ikkje avdekka svikt og hatt grunnlag for å sette inn korrigerande tiltak.

På same måte har kommunen ikkje hatt grunnlag for å evaluere internkontrollen for å forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak.

7 Våre reaksjonar

7.1 Pålegg om å rette forholda

Vi har avdekt brot på regelverket. Vi pålegg kommunen å rette opp følgjande forhold, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

- 1. Tysvær kommune skal sikre at alle som arbeider på Førre skole, oppfyller plikta til å varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9A-5, jf. kommunelova § 25-1. Det betyr at:**
 - Alle som arbeider på skulen skal varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen.
 - Alle som arbeider på skulen skal varsle i tide avhengig av alvoret i situasjonen.
 - Kommunen skal tilpasse internkontrollen for å hindre eller forebygge brot på varslingsplikta og dokumentasjonsplikta.
 - Kommunen skal avdekke og følge opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.
- 2. Tysvær kommune skal sikre at Førre skole og skuleeigar oppfyller plikta til å undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova 25-1. Det betyr at:**
 - Skulen/skuleeigar skal gjennomføre dei undersøkingane som er rimelege å forvente utifrå ein fagleg standard
 - Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle dokumentasjonsplikta.
 - Kommunen skal tilpasse internkontrollen for å hindre eller forebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.
 - Kommunen skal avdekke og følge opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.
- 3. Tysvær kommune skal sikre at Førre skole og skuleeigaren tar i vare plikta til å sette inn tiltak slik at elevane får eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Det betyr at:**
 - Skulen skal sette inn tiltak så raskt som saka tilseier, når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller at undersøkingane viser det.

- Skulen skal vurdere konkret kva tiltak som er eigna.
- Skulen skal evaluere tiltaka jamleg, og endre tiltaka ved behov.
- Skulen skal lage ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og at den skriftlege planen inneheld minimumskrava til innhald.
- Kommunen skal tilpasse internkontrollen for å hindre eller forebygge brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan.
- Kommunen skal avdekke og følge opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan blir oppfylt.

7.2 Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta

De skal iverksette tiltak for å rette brot på regelverket med det same. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de har retta. De skal erklære at rettinga er gjennomført og greie ut om korleis de har retta. De bør gjere greie for

- kva tiltak de har sett i verk eller planlegg å setje i verk for å rette regelverksbrotet
- korleis de planlegg å følgje med på at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt
- kva for interne fristar de har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Fristen er 05.04.2024.

8 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Viss de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klaga til oss. Vi har høve til å gjere om vedtaket. Viss vi ikkje er samde med dykk, sender vi klaga til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforma klaga.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klaga er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18.

Elisabeth Ur Fjørtoft
tilsynsleiar

Ragnhild Otto

Lina Bryne Larsen

Liste over dokumentasjon

Frå kommunen:

1. Årsplan for tilrettelegging av et godt sosialt skolemiljø for elevene
2. Styringsdialog/dialogmøte med skolane
3. Rapport fra skolene om status arbeid med psykososialt skolemiljø, tirs 10.03.20
4. Kvalitetsårshjul skoleåret 2023/2024
5. Organisasjonskart
6. Stabsorganisering
7. Organisasjonskart - politisk
8. Resultatområde
9. EHMS V2 Elevsamtaleskjema
10. EHMS V4 Observasjonsplan
11. EHMS V5 Tiltaksplan
12. Aktivitetsplan – tiltak §9a BM
13. Dokumentasjon varsling og undersøkelse
14. EHMS 03 Prosedyre for håndtering av saker når en ansatt krenker elev(ene)
15. Håndtering av elevvansker - Compilo
16. Sjekkliste skolesjef - Compilo
17. Årsplan skolemiljø – Compilo

Frå skulen:

1. EHMS 03 Prosedyre for håndtering av saker når en ansatt krenker elev(ene)
2. EHMS 05 Prosedyre for håndtering av elevvansker
3. EHMS 06 Prosedyre for håndtering av fysisk/psykisk vold, krenkelser og mobbing
4. EHMS V1 Sjekkliste for gjennomføring av opplæring/informasjon for ansatte, elever og foresatte om opplæringsloven kapittel 9a. Eleven sitt læringsmiljø
5. EHMS V5 Tiltaksplan
6. EHMS V9 Meldeskjema § 9a
7. Plan for trygt og godt skolemiljø Førre skole
8. Internkontrollsystem for miljøretta helsevern Førre skole
9. EHMS V1 Sjekkliste for gjennomføring av opplæring/informasjon Utfylt 2023
10. Innsend dokumentasjon i skolemiljø saker

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

